



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/18	Kommunestyret	07.05.2018

Høyring - Nye Øygarden kommune - sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar

Samandrag av saka:

Rapporten omhandlar tema gitt i mandatet frå fellesnemnda: «Finna sameina, framtidretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon. Utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde. Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring».

Fellesnemnda for prosjekt Nye Øygarden kommune vedtok i møte 16. april 2018 å sende sluttrapporten frå Utval for eigarskapsmodellar til høyring i kommunestyra i dei tre kommunane. Utvalet for eigarskapsmodellar er sett saman av 5 politiske representantar for dei tre kommunane, og er leia av varaordføraren i Øygarden. Dei vart oppnemnt av Fellesnemnda i oktober 2017, og har hatt 11 møte i perioden november 2017 – mars 2018.

Rådmannen legg saka fram for kommunestyret utan innstilling

Innstilling:

Straume, den 30.04.2018

Lillian Torsvik
Konst. rådmann

Grethe Bergsvik
Konst. servicetorgsjef

Handsama i Kommunestyret - 07.05.2018:

Framlegg frå Høgre v/Tom Georg Indrevik:

Kommunestyret støttar konklusjonane og modellane som er presenterte i rapporten med følgjande merknader:

1. Rapporten gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å byggje opp ein struktur som gir best mogelege tenester til innbyggjarane. I det vidare arbeidet ønskjer kommunestyret at alle vedtak skal innehalde ei vurdering av kostnader og tenestekvalitet.
2. Renovasjon
 - a. Før endeleg vedtak om plassering av renovasjonstenestene må det utarbeidast ei oversikt over ulike fordelar og ulemper, i tillegg til ei konsekvensanalyse som avdekkjer ulike økonomiske forhold ved å behalde renovasjonstenestene i Øyvar evt i BIR. Konsekvensanalysen bør ta utgangspunkt i kva som er den beste løysinga for innbyggjarane.
3. Det må leggjast fram eigne saker om etablering av Øygarden næring og utvikling og Øygarden næringseigedom. Desse sakene må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold.

Framlegg frå AP v/ordførar Marianne Sandahl Bjorøy,

Sitert:

Arbeiderpartiet vil opprettholde den protokolltilførselen som ble fremmet i Fellesnemnda, men nå som en høringsuttale.

1. Kommunestyret i Fjell tar rapport om eierskap til orientering med følgjande merknader:
 - a. Kommunestyret tilrår at tenestene knyttet til vann- og avløp organiseres i et nytt selskap – Øyvar AS. Sak om organisering av renovasjonstjenestene vil bli fremmet i egen sak.
 - b. Øygarden Brann- og redning organiseres som et KF i Nye Øygarden kommune
 - c. Fellesnemda tilrår at eiendomsforvaltningen i nye Øygarden kommune blir organisert som en kommunal enhet (KE)
 - d. Fellesnemda tilrår næringseiendommer og annen kommunal eiendomsmasse blir en del av Øygarden kommunes driftsorganisasjon
 - e. Fellesnemda mener at Øygarden næring- og utvikling AS er for prematurt pr. dags dato. Det må gjøres en mer grundig analyse knyttet til eierskap, bærekraft, formål og finansiering. Spørsmålet om et aksjeselskap knyttet til næring og utvikling må utsettes til ny kommune er etablert etter 01.01.2020.

Framlegget frå Høgre vart sett opp mot framlegget frå Arbeidarpartiet og røysta over.

Framlegget frå Høgre vart **vedteke med 22** mot 12 **røyster**. (H, KrF, FrP, SL, SP og V1)

Desse hadde ordet i saka: ordførar Marianne Sandahl Bjorøy, Helena Morland Hansen, Daniel Victor Sandvik, Tom Georg Indrevik og Atle Justad.

Vedtak i Kommunestyret - 07.05.2018:

Kommunestyret støttar konklusjonane og modellane som er presenterte i rapporten med følgjande merknader:

1. Rapporten gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å byggje opp ein struktur som gir best mogelege tenester til innbyggjarane. I det vidare arbeidet ønskjer kommunestyret at alle vedtak skal innehalde ei vurdering av kostnader og tenestekvalitet.
2. Renovasjon
 - a. Før endeleg vedtak om plassering av renovasjonstenestene må det utarbeidast ei oversikt over ulike fordelar og ulemper, i tillegg til ei konsekvensanalyse som avdekkjer ulike økonomiske forhold ved å behalde renovasjonstenestene i Øyvar evt i BIR. Konsekvensanalysen bør ta utgangspunkt i kva som er den beste løysinga for innbyggjarane.
3. Det må leggjast fram eigne saker om etablering av Øygarden næring og utvikling og Øygarden næringseigedom. Desse sakene må avklara arbeidsoppgåver, finansiering og langsiktige driftsforhold.

Dokument vedlagt saka:

- Høyringsnotat - Eigarskapsmodellar i Nye Øygarden kommune
- Møtebok frå møtet i fellesnemnda i Nye Øygarden kommune 16. april 2018
- Sluttrapport frå utvalet om eigarskapsmodellar – april 2018
- Swot-analysar til sluttrapport om eigarskapsmodellar

Saksopplysningar:

Vedtak i fellesnemnda 16. april 2018

Utvalet for eigarskapsmodellar gjorde ferdig sin rapport i tidleg i april 2018. Fellesnemnda handsama rapporten i møte 16. april. Det vert synt til vedlagt møteprotokoll og sluttrapport:

Marianne Sandahl Bjorøy fremja følgjande **protokolltilførsel** på vegne av fellesnemnda sine medlemmer frå Arbeidarpartiet – Jogeir Sognnes, Egil Haaland, Ørjan Telle, Marianne Sandahl Bjorøy og Espen Harkestad:

Arbeiderpartiet sine medlemmer i fellesnemnda ynskjer å synleggjere eit avvikande syn i forhold til konklusjonar knytt til selskapsstruktur i rapport om eigarskapsmodellar:

1. Fellesnemnda tilrår at tenestene knytt til vatn- og avlaup organiserast i eit nytt selskap – Øyvar AS. Sak om organisering av renovasjonstenestene vil bli fremja i eiga sak.
2. Fellesnemnda tilrår at Øygarden brann og redning IKS i nye Øygarden kommune vert organisert som eit kommunalt føretak (KF).
3. Fellesnemnda tilrår at eigeomsforvaltinga i nye Øygarden kommune vert organisert som ei kommunal eining (KE).
4. Fellesnemnda tilrår at nærings eigendomar og annan kommunal eigeomsmasse vert ein del av Øygarden kommune sin driftsorganisasjon.
5. Fellesnemnda meiner at Øygarden nærings- og utvikling AS er for prematurt per dags dato. Det må gjerast ei meir grundig analyse knytt til eigarskap, berekraft, formål og finansiering. Spørsmålet om eit aksjeselskap knytt til nærings og utvikling må utsetjast til ny kommune er etablert etter 01.01.2020.

Vedtak i Fellesnemnda nye Øygarden kommune - 16.04.2018 (punkt 1-3):

1. *Fellesnemnda vedtek å leggja sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar til grunn for organisering av eigarskap i Nye Øygarden kommune. I dette også tilknytning til samarbeids- og interesseorganisasjonar og andre slik det går fram av rapporten.*
2. *Etter fellesnemnda si første handsaming vert rapporten sendt ut på høyring, jamfør dei som er nemnd i saksutgreiinga og i tillegg dei tre kommunestyra, med høyringsfrist 23. mai. Fellesnemnda slutthandsamar saka og rapporten i møtet 18. juni.*
3. *Fellesnemnda ber om at prosjektrådmannen legg fram eit forslag til prioritering i høve til for kva tenesteområde ein må starta prosessen først – også knytt til juridiske vurderingar og at dei enkelte kommunestyre eventuelt må gjere eigne vedtak om oppløysing eller liknande.*

Denne saka er ei oppfølging av Fellesnemnda sitt vedtak.

Utval for eigarskapsmodellar blei etablert i Fellesnemnda sitt møte 2.oktober 2017 med følgjande medlemmer:

Frå Fjell kommune:

Faste medlemmer: Egil Haaland (Ap), Helena Morland Hansen (H), Daniel-Victor Sandvik (FrP)
Vara representantar: Atle Justad (Ap), Fredrik –Alexander Indrevik (H), Hege Misje (Sotralista og ikkje FrP som det står i rapporten)

Frå Sund kommune:

Fast medlem: Kari-Anne Landro (H), Vararepresentant: Nils Kåre Skoge (H)

Frå Øygarden Kommune:

Fast medlem: Atle Dāvøy (KrF), Vararepresentant: Silvia Haugland (TVØ)

Sluttrapporten baserer sin oppbygning på same måte som dokumentet «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017. Dette er også nedfelt i mandatet frå fellesnemnda.

Utvalet har brukt mykje tid på og vektlagt drøfting og vurdering av ulike organisasjonsmodellar knytt til eigedomsforvaltning, næringsutvikling, VAR-tenestene og brann- og redningstenestene. Her er det også nokre alternative framlegg.

Skal renovasjonstenesta inngå i nye Øyvar AS eller utførast av BIR AS der nye Øygarden kommune blir deleigar? Skal Øygarden brann- og redning bli ei kommunal eining eller eit kommunalt føretak? Skal den kommunale eigedomsporføljen (driftsbygningar og utleigebustadar) organiserast som ei kommunal eining eller i eit kommunalt føretak? I intensjonsavtalen kap. 9 om samfunnsutvikling står det: «*Den nye kommunen skal vera ein framtidsretta, nyskapande og heilskapleg næringskommune med høg kompetanse.*» Utvalet har freista leggja dette til grunn i sine framlegg til eigarskapsmodellar.

Som det går fram av møteboka frå fellesnemnda si handsaming 16. april, har Arbeidarpartiet sine medlemmar lagt ved ein protokolltilførsel der dei legg fram andre forslag på einskilde område i høve til det utvalet har føreslått (fleirtalet).

Kort om rapporten

Korleis lesa rapporten? Sluttrapporten frå utval for eigarskapsmodellar har eit samandrag i kap. 4 (frå side 6-9). Der står alle forslag og tilrådingar. I kap. 5 har utvalet valt ut seks hovudområde som vert omtala særskilt. I det påfølgjande vert kvar «selskapsform» presentert nærare i eigne kapittel. I omtalen av selskapa vert det synt til lenkjer (lovdata og heimesidene) for å komplettera informasjonsbiletet. Omtalane av selskapa er i rapporten medvite nedkorta. Ein «fyldigare» omtale hadde gjort dokumentet for omfattande.

Til slutt i rapporten vert det synt to lenkjer. Den eine er ein vedleggsbank der ein vil finna ei rekkje rapportar, saker og andre dokument som utvalet har nytta og synt til i sitt arbeid. Den andre lenkja er knytt til SWOT-analysar (SWOT= *strengths* (styrkar), *weaknesses* (svakheiter), *opportunities* (moglegheiter), og *threats* (trugslar)) som utvalet har gjennomført på utvalte selskapsformer.

Utvalet har lagt til grunn fellesnemnda sitt mandat som mellom anna omhandlar positivt lada verdiar knytt til ei framtidig organisering av eigarskap (t.d. tenleg, føreseieleg, demokratisk (politisk) styring, økonomisk berekraft, høg kvalitet, framtidsretta m.v.). SWOT-analysane byggjer på desse verdiane. SWOT-analysen vert også lagt ved saka.

Inndelingslova

Inndelingslova inneheld nokre lovreglar som kan vera relevante i gjennomføringa av framtidige eigarskapsløysingar, § 16 *Interkommunalt samarbeid* og § 16 b. *Kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar*. I det etterfølgjande arbeidet vil det vera påkravd å nytta juridisk kompetanse slik at alle naudsynte omsyn til dette lovverket vert ivaretekne. Lenkje: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70?q=inndelingslova>

Vidare prosess

Høyringsrunden vil også i tillegg til dei tre kommunestyra inkludera alle berørte selskap og interesseorganisasjonar, kommunale einingar, fagforeiningar som har medlemmar knytt til desse selskapa/einingane, med fleire. Som det går fram av fellesnemnda sitt vedtak fatta 16. april, vert saka slutthandsama i fellesnemnda 18. juni 2018.

Vurdering:

Dette er ei viktig sak om framtidig eigarskap, tilknytning til interesseorganisasjonar og nettverk m.m. i nye Øygarden kommune. Difor må kommunestyret sin uttale vera tydeleg på (eventuelle) endringsforslag i høve til rapporten sine tilrådingar. Ei god og presis form på uttalen gjer at ein unngår rom for mistydingar og feiltolkingar. Dette vil kvalitetssikra arbeidet med sluttsaka til fellesnemnda.

Kommunestyret har høve til å koma med sine innspel/uttalar til forslaga i rapporten. Ut frå tilrådingane i rapporten kan dette til dømes vera:

- Kommunestyret kan tilråda å oppretthalda/avvikla/endra forslaga til framtidig organisering av selskap, jamfør rapporten
- Kommunestyret kan tilråda kva løysing ein går inn for der det er fleire alternativ, jamfør rapporten
- Kommunestyret kan tilråda å oppretthalda/avvikla samarbeids-, nettverks- og interesserelasjonar, jamfør rapporten
- Kommunestyret kan alt no signalisera at ein vil selja sin aksjeportefølje i aktuelle selskap (ulikt frå kommune til kommune), jamfør rapporten

Saka vert lagt fram utan innstilling.